

Frå: Linda Hammersvik Folkestad
Send: tirsdag 14. desember 2021 09:54
Til: Jens Bjordal
Kopi: Hanne Marie Evensen
Emne: SV: Sender e-post: Tillatelse til utslipp av avløpsvann - Slamavskiller - gbnr 35522 Skjelanger, Gjennomføringsplan signert., Ka5riRougne m.m., sak 214024 gbnr. 355227

Vedlegg: Erklæring om rett til å gå over annen manns grunn- vassleidning.docx;
Erklæring om felles solidarisk ansvar- vassleidning.docx; VA-kart Gbnr 355-22 M1-750.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagga

Hei

Viser til Dykkar e-post av 13.12.2021.

Da byggesaka også gjeld tilknytning til kommunal vassleidning skal det, i tillegg til utsleppsløyve, også ligge føre løyve til å knytte fritidsbustad på kommunalt vatn før byggesaka kan handsamast.

Det ligg , per dags dato, ikkje føre løyve til å knytte fritidsbustad på kommunal vassleidning. Før røyrlleggarmelding kan handsamast må all dokumentasjonen som Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har etterlyst i mangelbrev, datert 20.05.2021, være sendt inn.

Etter det vi kan sjå er det berre punkt 4 i mangelbrev som er dokumentert. Dette gjeld krav om at utsleppsløyve skal ligge føre.

Vi kan ikkje sjå at følgjande dokumentasjon er sendt inn:

1. Tinglyst rett til å legge privat vassleidning over annan manns grunn.
2. Tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for del av vassleidninga som er felles fram til tilknytingspunkt på kommunal vassleidning (jf. standard abonnementsvilkår for vann og avløp - Administrative bestemmelser " pkt. 2.3).

Dei privatrettslege avtalane som er sendt inn i utsleppsaka gjeld ikkje for vassleidning. Her må det inngåast eigne avtaler. Avtalene skal være tinglyste. Det er med heimel i "standard abonnementsvilkår for vann og avløp - Administrative bestemmelser " pkt. 2.3 at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning krev tinglysing av avtaler.: https://va-jus.no/wp-content/uploads/2012/03/Administrative_bestemmelser_2017.pdf

3. VA kart som viser rørføring (vassleidning) frå veggiliv til tilknytingspunkt kommunal vassleidning. (Innsendt situasjonskart viser berre delar av privat vassleidning).

Legg ved forslag til avtaler og VA kart.

Linda Folkestad
Ingeniør Samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning
Telefon: 56 37 51 70 | 975 85 285
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alverkommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jens Bjordal <jens.bjordal@bkkfiber.no>

Sendt: mandag 13. desember 2021 17:19

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Kopi: Linda Hammersvik Folkestad <linda.folkestad@alver.kommune.no>; sveineta@online.no; Hanne Marie Evensen <hanne.marie.evensen@alver.kommune.no>

Emne: Sender e-post: Tillatelse til utslipp av avløpsvann - Slamavskiller - gbnr 35522 Skjelanger, Gjennomføringsplan signert., Ka5riRougne m.m., sak 214024 gbnr. 355227

Til Alver kommune v/ Linda Folkestad.

Syner til mottatt brev frå Alver kommune ved Hanne Marie Evensen som etterlyser fleire opplysningar i byggjesak for avlaup på gnr. 355 bnr. 22,7 Skjelanger.

Vedlagd føl byggjesaka, Godkjent utslepp gitt av Alver kommune og gjennomføringsplan for tiltaket. Når det gjeld nabovarsling av gnr. 355 bnr.

48 og 355 bnr. 58 er dei ikkje på nokon måte råka av tiltaket og dei er derfor ikkje varsla. Ser heller ingen grunn til at dei vert varsla.

Vonar at dette er opplysningar nok til å gi byggjeløyve.

Mvh.

Jens Bjordal

Ansv. Søkjar.

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Tillatelse til utslipp av avløpsvann - Slamavskiller - gbnr 35522 Skjelanger Gjennomføringsplan signert.
Ka5riRougne m.m.
sak 214024 gbnr. 355227